

# STRANDA KOMMUNE

## SAKSPAPIR

### SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
KOMMUNEPLANUTVALET KOMMUNESTYRET	02.07.2018	011/18

<b>Saksansvarleg:</b> Rådmann Åse Elin Hole		
<b>Saksbehandlar:</b> Inge Bjørdal	<b>Arkiv:</b> K2 - K00	<b>Arkivsaknr</b> 17/1240

### Energi- og klimaplan Stranda kommune - Planprogram

#### Rådmannen si tilråding:

Stranda kommune godkjenner framlagt **planprogram** for *Energi- og klimaplan for Stranda kommune*.

Energi- og klimaplan (EKP) for Stranda kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Vedtaket er gjort med heimel i PBL §§ 4-1 og 11-13.

Rådmann/næringssejef får i oppdrag å finne representantar til arbeidsgruppa for EKP.

Arbeidet med rullering av energi- og klimaplan skal finansierast frå budsjett 2019.

### 02.07.2018 KOMMUNEPLANUTVALET

#### Møtebehandling

#### Tilråding til kommunestyret samrøystes

#### KPU- 011/18 Vedtak:

Stranda kommune godkjenner framlagt **planprogram** for *Energi- og klimaplan for Stranda kommune*.

Energi- og klimaplan (EKP) for Stranda kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Vedtaket er gjort med heimel i PBL §§ 4-1 og 11-13.

Rådmann/næringssejef får i oppdrag å finne representantar til arbeidsgruppa for EKP.

Arbeidet med rullering av energi- og klimaplan skal finansierast frå budsjett 2019.

## SAKSUTGREIING

### Bakgrunn for saka

KPU gjorde 24.10.2017 følgjande samrøystes vedtak (KPU- 006/17):

“Stranda kommune vert med på felles arbeid med rullering av energi- og klimaplan slik det vert skissert i brev frå Sunnmøre regionråd av 11.09.17.”

### Saksopplysningar

Stranda kommune var tidlegare (2010) med i eit samarbeid om energi- og klimaplan som enda opp med godkjenning av energi- og klimaplan i kommunestyresak 109/10.

I brev av 11.09.17 frå Sunnmøre regionråd vert det bedt om politisk mandat frå kvar kommune til å starte arbeidet med rullering av planen.

### Vurdering

Stranda kommune bør bli med på felles arbeid med rullering av EKP slik det er skissert i brev frå Sunnmøre regionråd av 11.09.17.

Sunnmøre Regionråd IKS inviterer til eit samarbeid på tvers av kommunegrensene med tanke på rullering av planen. Av invitasjonen går det fram at det er søkt om midlar og det er tildelt til saman 325 000 kr til kommunane Vanylven, Sande, Harøy, Ulstein, Hareid, Volda, Ørsta, Ørskog, Norddal, Stranda, Stordal, Sykkylven og Vestnes.

Av invitasjonen går det fram at i lys av signering av Paris-avtalen og Noreg sitt mål om å redusere utslepp med 40 % innan 2030 er det på tide å revidere eksisterande planar og planen sin handlingsdel.

Det er ikkje forutsett økonomisk bidrag frå den enkelte kommune utover sakshandsaming og arbeidsinnsats.

I framlegg til planstrategi for Stranda kommune er rullering av EKP sett opp i 2020. Ein har likevel funne å rå til at ein går i takt med dei andre kommunane og seie ja til invitasjonen.

Administrasjonen legg hermed fram eit utkast til planprogram som må godkjennast for at ein kan kome vidare i arbeidet med planen (utlegg, høyringar osv.).

Saksutgreiar meiner framlegget til planprogram inneheld dei viktigaste problemstillingane som bør omfattast av ein EKP.

EKP skal munne ut i ein *handlingsdel* og vil dermed legge føringar for kommunen i ulike samanhengar (anbod m.m.).

Sakshandsamar meiner EKP i utgangspunktet skal gjelde perioden 2018-2030, slik at den vil korrespondere med ny kommuneplan som er under arbeid og som vil gjelde same perioden. Men ein EKP bør reviderast kvar kommuneplanperiode.

Det er skissert ein framdriftsplan i planprogrammet.

**Vedlegg:**

**Dok.dato:**  
19.06.2018

**Vedlegg:**

Planprogram\_kommunedelplan klima og  
energi\_Stranda\_endeleg

**Dok.ID**  
231575

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging